



# Nordfjord vassområde

**Mottakarar:**

Bjørn H Martinussen	Bremanger kommune		
Ingvald Tennebø	Vågsøy kommune, Postboks 294	6701	MÅLØY
Kristian Nave	Selje kommune	6740	SELJE
Jostein Moldestad	Gloppen kommune		
Odd Rønningen	Stryn kommune		
Ola Nygård	Jølster kommune	6843	SKEI I JØLSTER
Stanislawa Voldsund	Eid kommune		
Ståle Hatlelid	Hornindal kommune		

Vår referanse (oppge ved svar) Arkivopplysningar  
13/878 12/329-51 / / /K54/

Dato:  
24.01.2013

## Notat frå møte 18.01.2013 Arbeidsutvalet Nordfjord vassområde

Møtelokal: Nordfjord hotell, Nordfjordeid  
Tidspunkt: 18.01.2013 kl 09 – 14

**Desse møtte:**

Bjørn Henry Martinussen, Bremanger kommune  
Stanislawa Voldsund, Eid kommune  
Kristian Nave, Selje kommune  
Ola Nygård, Jølster kommune  
Staffan Hjøhlman, prosjektleiar

**Forfall:**

Ingvald Tennebø, Vågsøy kommune  
Odd Rønningen, Stryn kommune  
Ståle Hatlelid, Hornindal kommune  
Jostein Moldestad, Gloppen kommune

1. Årsmelding – vart opplesen og godkjent etter mindre rettingar. Vedlagt er endeleg versjon.
2. Økonomi, finansiering. Førebels rekneskap vart lagt fram og orientering om fakturering av kommunane for deira delar av finansieringa for 2012. Framleis manglar

vedtak med godkjenning av kostnadsfordelinga frå Eid, Vågsøy og Selje kommunar. Prosjektleiari kontakta desse kommunane i august og oktober 2012 men har ikkje motteke svar. Vågsøy kommune har meldt tilbake til Gloppen kommune på fakturaen for 2012.

3. Innspel til Vesentlege spørsmål om vassforvaltning Nordfjord. Innspel har kome frå Fiskeridirektoratet, Bremanger kommune, Gloppen kommune, og enkeltpersonar i tillegg til innspela som kom i samband med prioritering av vassdragskonsesjonar til revisjon. Prosjektleiari lager eit notat over innspela, som blir oversendt Fylkeskommunen for utlegging på vannportalen.no. Vassområdeutvalet må på neste møte ta stilling til om dokumentet skal reviderast.
4. Miljøovervaking 2013 – 2014. Kartlegging av kommunane sine behov for overvaking i høve påverknad frå landbruksforureining, renseanlegg, spredt bebyggelse, avfallsdeponi og andre diffuse kjelder. Vedlagt er ein førebels tabell. Prosjektleiari hentar inn fleire opplysningar frå kommunar, supplerer tabellen og lager framlegg til overvakingsprosjekt.
5. Synfaringar til våren 2013. Framlegg er lagt inn på vedlagte tabell (same tabell som viser behov for overvaking).
6. Tiltaksanalyse. Prosjektleiari orienterte om ein workshop i Bergen 15. – 16. januar. Informasjon frå Fylkesmannen sin landbruksavdeling v/ Truls Hansen Folkestad (epost vidareendt arbeidsutvalet 18.01.).
7. Framdriftsplan. Ønske om at kommunane sine plikter vert tydelegare synleggjort i planen. Involveringa av lag og organisasjonar vart diskutert. Framlegg om at prosjektleiari sender brev med invitasjon om å kome med innspel til tiltak. Brevet skal innehalde orientering om aktuelle vassførekomstar i risiko, med miljøtilstand, eksisterande data og prosjektet sine planar om ny prøvetaking. Eventuelle møte i etterkant.
8. Møteplan 2013. Etter mindre justering i framlegget vart følgjande møteplan vedtatt: 18.01, 14.03, 11.06, 05.11.

Staffan Hjohlman  
prosjektleiari  
tlf. 904 02 661

**Vedlegg:**

Dok.nr	Tittel på vedlegg
188685	2012 Årsmelding Vassområde Nordfjord.docx
188686	2012 Rekneskap Nordfjord.docx
188687	Oversyn kommuneoppgåver tabell.xlsx

**Kopi til:**

Kristine Dahl